

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 28.11.2024, kl. 08:30-13:30
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Oddlaug Lyslo Vereide	Varamedlem tilsette
Marita Aarvik	Observatør

Forfall

Arne Johannessen, medlem
Lena Thorsnes, medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Vidar Øvrebø, kst. direktør Drift og eigedom
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Inger Lise Vereide, kst. kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Kristina Osland Lavik, psykolog
Terje Olav Øen, beredskapssjef (*deltok digitalt*)

SAKLISTE

Saksnummer	Sakstittel
077/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
078/2024	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.10.2024
079/2024	Administrerande direktør si orientering
080/2024	Rapportering frå verksemda per oktober 2024
081/2024	Økonomiske vilkår for budsjett 2025
082/2024	Skadepoliklinikk Nordfjord sjukehus
083/2024	Oppfølging av ventetidsløftet i Helse Førde
084/2024	Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF
Saker til orientering:	
085/2024	Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2024-2025
086/2024	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Møte med felles brukarutval var etter avslutta styremøte.

STYRET STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Psykolog Kristina Osland Lavik orienterte om forskingsprosjektet:
Korleis fremje tillit og trygge relasjonar i psykologisk behandling

- Bakgrunn
- Mål og forskingsspørsmål
- Metode
- Funn
- Implikasjonar

Bakgrunn:

Dobbeltkompetanseprosjekt

Intern finansiering i Helse Førde 2018

Helse Vest finansiering frå 2019-2024

Hovudrettleiar professor Christian Moltu

- Kva betydning har relasjonar for oss menneske
- Premisset for psykologiterapi
- Frå psykoanalyse til moderne relasjonsforskning

Real relationship The working alliance Rupture and repair

Terapeutiske faktorar som bidreg til betring i psykoterapi:

Det er heilt nødvendig å få pasienten involvert i behandlinga for å få effekt. Relasjon er også viktig.

Forskingsspørsmål

Kva opplever pasientar og terapeutar som viktige relasjonelle prosessar i løpet av dei fem første timane av psykoterapi?

Metode:

Steg 1: Filming av 3 og 5 terapitime

Steg 2: Ser filmen saman med pasient og behandlar, separat

Steg 3: Felles utforsking av viktige augeblink

Etiske betraktningar:

Prosjektet var godkjent av REK. Bruk av videoassisterte intervju; både for pasientar og behandlarar. Erfaring frå deltakarane.

- Styrker og svakheiter ved avhandlinga
- Implikasjonar for framtidig forskning
- Implikasjonar for klinikk

Styret takka for ei spennande orientering.

Sak 077/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet

Adm. direktør Varden orienterte om vedtak i styret i Helse Vest 27.11.2024, og med bakgrunn i det vart styresak 082/2024 "Skadepoliklinikk Nordfjord sjukehus" trekt.

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Arne Johannessen og Lena Thorsnes hadde meldt forfall
- Oddlaug Lyslo Vereide var innkalla som varamedlem for Lena Thorsnes
- Nytt dokument utdelt vedr. "Skadepoliklinikken Nordfjord sykehus", frå Anita Sørheim/samhandlingslege Helse Førde, Nordfjord
- Møte med felles brukarutval kl. 14:00-15:30

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 078/2024 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.10.2024

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 24.10.2024.

Sak 079/2024 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia nytt punkt 7: Barnelege og ambulering/digitalisering

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Regjeringa løyver 2 milliardar meir til sjukehusa i år, dette er kun relatert til år 2024. Helse Førde får truleg mellom 25-30 millionar kroner
- Opning av geriatriisk sengepost

Direktør Tvedt orienterte om disputas:

Gøril Kleiven disputerte 8. november ved Universitetet i Bergen, med doktorgrad om "Mange føler på skam". Ho har brukt noko av same metode som Kristina Lavik

1. Rapportering tilsynssaker

Styret kommenterte tilsynssaker, kva vert gjort på kort sikt og eventuelt lang sikt ved ambulansestasjonane?

Adm. direktør Varden sa at vi har dialog med Høyanger kommune. Det blir oppdatering i neste styremøte.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Nytt oppdatert dokument var lagt i Admincontrol.

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Pårønderom ved Førde sentralsjukehus - orientering

Adm. direktør Varden orienterte om Pårønderom ved Førde sentralsjukehus.

AD har bedt direktør Vingsnes og direktør Midtbø ha dialog med dei involverte avdelingane.

5. Orientering om beredskapssituasjonen 03.11.2024

Direktør Vingsnes orienterte om beredskapssituasjonen 3. november, då CT-maskina ved Førde sentralsjukehus var nede.

Adm. direktør Varden sa at vi håpar å ha på plass ny CT ved Førde sentralsjukehus våren 2025.

6. Bruk av frivillige i Førde sentralsjukehus

Adm. direktør Varden orienterte om bruk av frivillige i Førde sentralsjukehus:

- Mandat vedteke i styringsgruppa for Pasientens helseteneste før sommaren 2024
- Hovudmål: Bruk av frivillige i Helse Førde tilfører ein ekstra kvalitet til tenestene vi leverer og gir ein betre arbeidskvardag for tilsette
- Delmål: Tilby ekstra tenester og kontakt til pasientane som gir betre opplevd kvalitet. Frivillige hjelper til å utføre oppgåver som avlastar personale og kjem pasientane til gode.

Det er lagt ein plan for gjennomføring og 19 frivillige har meldt seg.

7. Barnelege og ambulering

Oppslag i Fjordabladet 27.11.2024: - Dette er eit ledd i ei effektivisering og modernisering av sjukehusetene

Direktør Vingsnes orienterte om barnelegane og ambulering.

Barne- og ungdomsavdelinga har i stor grad gått over til å nytte video til polikliniske kontrollar eller føl opp pasientar gjennom Avansert heimesjukehus. Dette erstattar no den tidlegare ordninga med at barnelege ambulerer til LSH og NSH for dagar med polikliniske kontrollar. Pasientar vil få utarbeidd plan for vidare oppfølging og motta informasjon.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 080/2024 Rapportering frå verksemda per oktober 2024

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa

- Innan somatikken er gjennomsnittleg ventetid for behandla 77. Det same som i førre månad
- Innan PBU er ventetida betydeleg redusert frå 50 dagar i september til 38 dagar i oktober

- Det er auke i fristbrot i somatikken også i oktober
- Innan psykisk helsevern er det i oktober eitt fristbrot
- Resultatet var positivt med 3,5 millionar kroner, som er 3,7 millionar betre enn budsjett
- Vi har utfordringar med logistikk i sengepostane i Livabygget. Vi ser på løysingar
- Samla sjukefråvær er fortsatt høgt. Sjukefråværet vart 7,4 prosent
- Det er sett i verk tiltak for å redusere sjukefråværet. Har vore gjennomført møte med NAV.

Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet

Aktiviteten - overordna pasientflyt oktober viser:

Nytilviste 5 943 (2%)	Ventelistekø 6 581 (-10%)	Totalkø 45 807 (0%)	Avslutta 5 778 (0%)
--------------------------	------------------------------	------------------------	------------------------

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid, viser lengst ventetid innan Kirurgisk klinikk.
- Fristbrot oppstått i perioden viser 392 nye

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet og økonomi

- Aktiviteten i perioden er god, samla eit positivt avvik på 31 DRG-poeng
- Samla hittil i år har aktiviteten gitt 308 DRG-poeng meir enn budsjett
- Poliklinikk viser høgare aktivitet gjennom heile året
- Belegg somatikk, viser 72 prosent
- Belegg psykisk helsevern, viser 72 prosent
- Månadsverk viser auke
- Sjukefråværet er utfordrande
- Resultatet er 3,5 millionar kroner, som er 3,7 millionar betre enn budsjett
- Utfordringa for lang tid har vore somatiske avdelingar
- Likviditet viser trekk på kassakreditten med 311 millionar kroner

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per oktober 2024 til vitende.

Sak 081/2024 Økonomiske vilkår for budsjett 2025

Oppsummering:

Helse Førde vil som følge av prinsippa i inntektsmodellen tape økonomisk ramme i 2025 og må kunne forvente ein reell nedgang kvart år framover. Dette er trass i at Helse Førde har marginal vekst i folketal på 669 personar frå 2023 til 2024, og fleire eldre. Årsaka er

at den relative utviklinga i behovskomponenten er, og vil truleg vere framover, negativ i forhold til dei andre føretaka.

For at Helse Førde ikkje skal få ein reell nedgang i økonomisk ramme i 2025 er det i arbeidsversjonen til førebelse rammer føreslått eit midlertidig strukturtilskot til Helse Førde.

Adm. direktør Varden innleia om:

- *Endelege rammer for Helse Førde for 2025 er ikkje klare. Førebels ramme frå juni 2024 viste ein reel auke på 19,3 millionar for Helse Førde*
- *Ny versjon av førebels rammer viser ingen reell auke i økonomiske rammer frå 2024 til 2025*
- *Det blir foreslått eit midlertidig strukturtilskot til Helse Førde*

Prosess budsjett 2025, med informasjonsmøte 3. desember, og utsending styresak 12. desember, med handsaming i styremøte 19. desember.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om:

- *Rammer tildelt klinikkane september 2024*
- *Økonomisk utfordring 2025*
- *Kontantstraum og likviditetsutvikling - økonomisk langtidsplan 2024*

Økonomiske vilkår:

- *Inntektsmodellen i Helse Vest: ISF, takstar (Helfo), øyremerka tilskot, basisramme*
- *Inntektsmodellen i Helse Vest – kva skal modellen ivareta?*
 - *Behovskomponenten*
 - *Kostnadskomponenten*
 - *Gjestepasientkomponenten*
 - *Særfinansiering*
 - *Prehospitale tenester*
- *Demografi – basisramme. Endringar frå 2024 til 2025*
 - *Befolkningsutvikling – oversikt helseføretak i Helse Vest*
 - *Endring i behovsnøklar*

Styreleiar Krakhellen oppsummerte at det var ei god orientering med verksemdsrapporten og framover med økonomiske vilkår for budsjett.

Vi har gjort endringar på Tronvik, ved Lærdal sjukehus og i Florø, i tillegg tatt ned sengetal ved Førde sentralsjukehus. Vi må kunne vise utad korleis alle lokasjonane har bidrege med innsparingar, og at belastninga vert for ulikt fordelt. Dette er ei utfordring til administrasjonen å jobbe vidare med. Vi må framleis sjå på moglege endringar og løysingar i heile organisasjonen, men kanskje særleg på der det ikkje har vore gjennomført større tiltak.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa frå administrasjonen til vitende og er bekymra for den langsiktige utviklinga i økonomiske rammevilkår for føretaket, og kva konsekvensar dette kan få for pasienttilbodet i Helse Førde sitt opptaksområde.

Styret ber administrerande direktør om å fortsette dialogen med Helse Vest for å sikre økonomisk berekraft. Dette er heilt sentralt for å kunne tilby eit likeverdig og forsvarleg tilbod til innbyggjarane i vårt opptaksområde.

Sak 082/2024 Skadepoliklinikk Nordfjord sjukehus

AD trekte saka ved konstituering av møtet.

Sak 083/2024 Oppfølging av Ventetidsløftet i Helse Førde

Oppsummering:

I tilleggsdokumentet som helseføretaka fekk i Føretaksmøte 13.09.2024 er det krav om særskilt rapportering til styra på Ventetidsløftet og pakkeforløp kreft etter mal som Helse Vest RHF har utarbeidd.

Ventetidsløftet:

- Helse Førde har innan somatikken uendra ventetid i oktober samanlikna med september
- Innan PHV for barn og unge har Helse Førde ein reduksjon frå 54 dagar i september til 38 dagar i oktober

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om:

Skjema "Moglege tiltak for auka kapasitet for å nå ventetidsmåla" - Ressursstyring:

Auka aktivitet:

- *Auke tal poliklinikkdagar*
- *Utvida opningstid*
- *Vurdere konsultasjonstid*
- *Video- og telefonkonsultasjonar*
- *Oppåvedeling og oppgåveplanlegging*

Redusere behov for helsehjelp:

- *Noko som ikkje gir helsegevinst?*
- *Vurdere behov for kontrollar*
- *Meir presis rettigheitsvurdering*
- *Rett kvalitet i ventelister*

Anna behandlingsstad:

- *Avtalespesialistar (ØNH og Auge, og nokre psykologar)*
- *Fritt sjukehusval*
- *HELFO*
- *Kjøp av tenester (startar 01.12.2024 og varer fram til sommaren 2025)*

Adm. direktør Varden orienterte om Kirurgisk klinikk - pågåande tiltak for auka aktivitet

Vedtak (samrøystes):

Styret tar informasjon om oppfølging av Ventetidsløftet i Helse Førde til vitende.

Sak 084/2024 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF**Oppsummering:**

Styret har frå 2016 hatt ein årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta. Desse dokumenta er fastsett av staten/eigar:

- Vedtekter
- Rettleiar for styrearbeid i helseføretak
- Etske retningslinjer
- Retningslinjer for leiarløn
- Regjeringa sin eigarpolitikk

Styret har sjølv rådighet over og fastset følgjande dokument:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmactsstruktur

Dokumenta Vedtekter og Styreinstruks er endra sidan førre årlege gjennomgang.

Styret kommenterte at i samband med etablering av selskap som har sitt utspring i forskning og innovasjon i føretaket, bør det vurderast om det skal føreligge ei rutine knytta til eigenhandel i desse selskapa.

Adm. direktør Varden sa at Helse Førde har registrering av bierverv. Vi vil sjå på oppfølging av bierverv for å sjå om vi kan legge inn kartlegging her, også innhente kva rutine dei andre føretaka har.

Vedtak (samrøystes):

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 22.05.2024
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 14.11.2024
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- d. Fullmactsstruktur for Helse Førde HF, revidert mars 2023
- e. Omtale av delegasjons- og fullmactsregime i Helse Førde, revidert 2021
- f. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- g. Etske retningslinjer for Helse Førde
- h. Retningslinjer for leiarløn, oppdatert 27.10.2022

Saker til orientering:

Sak 085/2024 Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2024-2025

Oppsummering:

Beredskapsarbeidet i Helse Førde vert utført i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar.

Beredskapsarbeidet regionalt har fått stort fokus. Dette medfører deltaking i mange arbeidsgrupper og lokale referansegrupper. Delplan for IKT beredskap er ferdigstilt, forsyningsplan og samarbeid sivilt-militært er i sluttfasen. Arbeid med regional delberedskapsplan for smittevern startar opp, og delplan for kommunikasjon og informasjonsberedskap er forventa klar på vårparten 2025. CBRNE-beredskapen er no i implementeringsfasen. Helse Førde er blitt fast medlem av Sunnfjord kommune sitt beredskapsråd.

Beredskapssjef Terje Olav Øen orienterte om: Beredskapsarbeid i Helse Førde

Auka fokus på regionale delplanar beredskap:

- CBRNE
- IKT
- Forsyning
- Sivilt militært samarbeid
- No: Smittevernplan

Beredskap viser:

<i>Bortfall av IKT</i>	<i>10 (11) hendingar</i>
<i>Straumforsyning</i>	<i>1 (5) hendingar</i>
<i>Generell beredskap</i>	<i>10 (4) hendingar</i>

Styret takka for god presentasjon og viktig beredskapsarbeid.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering.

Sak 086/2024 Eventuelt

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var utsendt:

- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Førde HF 13.11.2024

Følgjande skriv og meldingar var utdelt i styremøte:

- “Skadepoliklinikken Nordfjord sykehus”, frå Anita Sørheim/samhandlingslege Helse Førde, Nordfjord

Ref. Berit Irene Haarklau
28.11.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen (sett)	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes (sett)	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Oddlaug Lyslo Vereide	Varamedlem tilsette